

Kyrkjebladet for VAKSDAL

79. ÅRG. / NR. 3 - 2024



Kantor Ruben
Side 5

I Dale kyrkje etter 50 år
Side 7

Vegen-sidene
Side 8-11

www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærer Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Kantor Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på www.kyrkja.no/vaksdal

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sjørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 11. november 2024.

Haust

Hausten markerer for meg slutten på mykje, men også starten på mykje.

Sumaren er over, blada vert gule og temperaturen sig sakte. For oss som er glade å gå i fjellet å ta bilete, er dette kanskje den mest fantastiske tida på året. Fargane er utruleg flotte. Fjellet held på ein måte pusten før den kalde årstida kjem «Winter is coming».

Me kan hauste den siste grøda av frukt og grønnsaker frå hagen, plenklipparen vert parkert for sesongen, og mange av oss må innsjå at planane for hagen lyt få vera planar eit år til. Men neste vår, då skal det bli orden på det!

Hausten er også starten på mykje. Glade ungar spring til skulen. Nokon skal begynne i 1. klasse og gleder seg ekstra. Idrettslag, korps, kor og andre aktivitetar startar også opp igjen etter ferien. Det er kjekt å treffas igjen, for store og små. For dei fleste av oss er kvardagen god å ha, det er trass alt desse det er flest av.

Til sist ei haustoppfordring frå kyrkjeverja. Når me no er på veg inn i ei mørkare årstid:

HUGS REFLEKS!!

Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjeverje i Vaksdal

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfæt, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.noBjörgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvinBibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Vaksdalposten

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf. 99 21 42 00

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal

Bilete på framsida: Fotograf Bjart-Magnus N. Rosvold



Stikkord: Balanse

Eit av stikkorda for eit godt liv må vel vere balanse.

Å balansere er ikkje alltid like lett. Nokon gonger er det heilt avgjerande å få det til, slik som linedansaren som går på ein heller tynn tråd med stor fallhøgde. Eller når ein skal balansere mellom arbeid og kvile, balansere mellom å vere sosial og ha åleineid, eller balansere mellom å ta vare på andre og å ta vare på seg sjølv.

Å leve i balanse må vel vere ei målsetjing i livet. Men kor hen kvar av oss har sitt balansepunkt er ikkje lett å seie. Ja, det er vel helst umogleg å seie, for til det er me for ulike.

Og det er verkeleg mykje som skal balanserast! Linedansaren har vel ein lett jobb samanlikna med kva me menneske kan streve med for å finne balansen? Linedansaren skal sjå rett fram og konsentrere seg om dette eine. Me menneske må sjå i mange retningar, jamvel bakover somme gonger. Og me vert påverka av mangt og mykje frå både utsida og innsida. Det er kan hende rettare å samanlikne seg med ein sjonglør enn ein balansekunstnar?

Så noko enkelt svar på korleis ein skal finne balansen er vanskeleg å finne. Og eg veit ikkje ein gong om eg har svaret for min eigen del. Det skjer fort at eg kjenner meg i ubalanse. Og det skjer fort at mykje av

det eg sjonglerer med fell i bakken. Det er ikkje lett å ha for mange kjegler eller ballar i lufta på ein gong. For ikkje å snakke om skarpe knivar viss det er det ein sjonglerer med!

Likevel: Men det er eitt som er nødvendig.

Det er ikkje mine ord, men Jesus sine. Me finn dei i forteljinga om systrene Marta og Maria når dei får Jesus på besøk. Marta fekk det travelt med alt ho skulle stella til. Maria sette seg ved Herrens føter og lydte på orda hans.

Og det er det Maria gjer som er nødvendig. Ho prioriterer det som gjev kvile og ny kraft. Ho vel å lytte til Jesus. Eller for å trekkje parallell til oss og vår tid: Å lytte til Guds ord. Å sitte ned ved føtene til Jesus for å lytte til han gjev ikkje automatisk balanse i livet, for det er mykje som skal gjerast elles. Men det er ein god start. Og er kan hende utgangspunktet for å finne balansen i livet.

Du kan lese denne forteljinga sjølv, viss du vil. Du finn ho i Bibelen - i Guds ord - i Lukas- evangeliet kapittel 10 og frå vers 38.

**Ha ein fin haust!
Med venleg helsing
Frode Kvamsøe**

Tysdag 31. oktober kl. 19.30 i Dale kyrkje
Med prestevikar Bengt Arvidsson og
organistane Ellen Marie Selland Geitung og
Frode R. Vik

Salmekveld i Dale kyrkje

Lina Sandell i ord og tonar

Lina Sandell vart fødd den 3. oktober 1832 i Frøderyd, Sverige. Faren var presten Jonas Sandell. Lina heitte egentleg Carolina, med det namnet nytta ho berre i barneåra. I tidlege år merka faren at Lina var veldig flink til å skrive dikt. Det hadde ho veldig god tid til, for i heile oppveksten var ho ofte sjuk og sengjeliggjande.

I 1853 gav Lina ut si fyrste diktsamling og det kom mange fleire. Lina vart ikkje gamal, berre 71 år. Men hennar salmer er framleis aktuelle og har fått eit langt liv. I Sverige er hennar salmer i gudstenester og gravferder like populære som alltid, og her i Noreg har me og teke hennar vakre og trøystande salmer til våre hjarte.

Vil du høyre meir om Lina Sandell og hennar dramatiske liv er du velkomen til Dale kyrkje denne kvelden. Der får du og syngje eller lytte til hennar salmer som står i den norske salmeboka; til dømes Blott en dag og Bred dine vide vingar.

Konsert i Dale kyrkje
laurdag 21. september kl. 19.00

TABULA RASA

Tabula Rasa er eit profesjonelt vokalensemble, og vart starta av Tord Kalvenes i 2017.



TABULA RAS: Tabula Rasa held konsert på Dale.
Foto: Zsigmond Zseni

Sidan mai 2019 har Arild Rohde vore musikalsk leiar. Ensemblet har som mål å fremja tidleg musikk og ny klassisk vokalmusikk, med fokus på norske komponistar. I konserten på Dale framfører dei bestillingsverket TID. Det er komponert av Knut Vaage til vokalen-

semblet og Jostein Stalheim (akkordeon). Idéen til verket kom frå ensemblet, der det ofte vert jobba med konseptuelle produksjonar i skjeringspunktet mellom notert materiale og improvisasjon.

Bill kr 200, sal ved døra.

Min salme

Denne vakre salmen er opphavelig skriven på svensk av Augusta Lønborg i 1895 med tittelen «Långt bortom rymder vida». Den fine tonen fekk han i 1906 komponert av Julius Dalhløf.

I 1939 omsette oldefar min Nils Lavik han til nynorsk.

Salmen byggjer på orda i Matteus 7, 7-8 der Jesus kjem med lovnader knytt til bønna. Eg trur mange av Dykk kan kjenna seg att i skildringa i opninga av salmen. Sjå føre deg at du sit på ein stad med god utsikt over fjellheimen, langt borte går alt over i blått. Eg har mange gonger site slik og då har ofte denne songen kome føre meg. Tenk at langt der borte er det noko meir. Der har me ein Far som me kan koma til med alt, både gleder og sorger, tru og tvil, sigrar og nederlag. Gud har lova at me skal få svar når me kallar på han. Svaret kjem ikkje alltid når me hadde venta det eller er slik me hadde tenkt for Gud har heiltanna oversikt enn oss og han vil oss det beste.

Eg synest avslutninga av salmen seier det so fint: «Måtte me alltid minnast kvar me i verdi går, at til Guds eige hjartaden barnlege bøni når». Når du søker Gud, om det er for å takka, om det er med tankar om tru og tvil eller andre bønner, når du fram til hjarta hans og hjarta hans bankar for deg det kan du lita på.

Langt bortom rømd som blånar

Norsk Salmebok nr. 629

Langt bortom rømd som blånar,
lenger enn soler går,
høgre enn stjerner strålar,
den barnlege bøni når.
Åndi frå skuggestrender
lyfter sitt vengepar,
bankar på himmelporten
og søker sin heim, sin Far.

Verdlaust vert alt i verdi,
maktlaus kvar jordisk ven,
sjeli finn ro og feste
åleine i himmelen.
Såraste sorg skal stilna,
mørker til morgon snu,
berre du trutt vil vandra
på bøni si himmelbru.

Veikaste barn som vender
hjarta til Herren sterk
maktar langt meir enn kjemper
som lit på sitt eige verk!
Måtte me alltid minnast
kvar me i verdi går,
at til Guds eige hjarta
den barnlege bøni når.

**Asbjørn Lavik utfordrar Jostein Kringlebotten til å
skrive om Min salme i neste nr. av Kyrkjebladet**



KANTOR: Ruben ved orgelet i Dale kyrkje.

Foto: Arkiv

FAKTA:**Kantor**

En kantor betegner opprinnelig en kirkesanger. Senere har kantoren også vært forsanger og leder av kirkesangen. I Den norske kirke i dag er kantoren kirkens organist, det vil si utøver av orgeltjenesten ved en kirke, og leder for menighetens kirkemusikalske virksomhet.

Liturgikk

Liturgikk er læren om gudstjenesten dens vesen, historiske utvikling og praktiske gjennomføring i dag. Liturgikken er en av den praktiske teologis hoveddisipliner.

Hymnologi

Hymnologi er en tverrvitenskapelig fagdisiplin som arbeider med de kristne sangtradisjonene. Emnet har først og fremst vært ivarett innenfor teologi, musikkvitenskap og litteraturvitenskap.

Kjelde: Store Norske Leksikon (snl.no)

Ruben har blitt kantor!

«Ruben Sverre Gjertsen er en norsk komponist og organist. Han har skrevet soloverk, musikk for kammerensembler og orkesterverk.»

Slik står det i starten av Store Norske Leksikon si omtale av vår nyslåtte kantor Ruben. Han har vore organist i Vaksdal sidan august 2018, men frå no av er altså tittelen hans kantor. Ruben spelar til gudstenester og det ein elles kallar for kyrkjelege handlingar. Han er og dirigent for koret Kilden, akkompagnerer barnekor og arrangerer musikk og konsertar.

Kva gjer kantoren?

- Ordet kantor tyder «songar» og dei fyrste kantorane nytta truleg berre stemma si.

Omgrepet kjem frå oldkyrkja, kor det heiter at kantoren set i gong songen. Så ein kan seie at ein kantor er den som leier kyrkjelyden sin song.

- Det var fyrst rundt barokkperioden at ein fann ut at ein kan spille orgel til salmesong. Etter at orgelet kom inn i kyrkja hadde ein fyrst ei veksling mellom orgelmusikk og song.

Frå før hadde Ruben ei lang komposisjons-utdanning og orgeleksamen. Då kunne han kallast organist. Men utdan-

ning i liturgikk, hymnologi, kyrkjefag og liturgisk spel fekk han si utdanning som kantor.

Korleis er utdanninga?

- Fleire kyrkjemusikk-utdanningar i Noreg er lagt ned, eller er trua av nedlegging. For å kome inn på ei musikkutdanning må du ha fullført gymnas og så prøvespele. På song og piano er det hard konkurranse, medan på orgel har det vært færre søkjarar.

- Utdanninga eg har teke no i Tromsø er vidareutdanning i kyrkjemusikk. Ho forutset at du har ei musikkutdanning frå før, og så får du faga du manglar for en full kyrkjemusikk-utdanning.

- At ein i tillegg får timar i besifringsspel er noko som har vore sakna på andre kyrkjemusikk-utdanningar. Eg som hadde orgeleksamen frå før fekk i staden undervisning i orgel-improvisasjon. «Korleing er eitt av emna ein må ha for å bli kantor.

- Utdanninga eg har teke no i Tromsø er vidareutdanning i

kyrkjemusikk. Ho forutset at du har ei musikkutdanning frå før, og så får du faga du manglar for en full kyrkjemusikk-utdanning. Korleing er og eitt av emna ein må ha for å bli kantor.

Kva synes du har vore det viktigaste med denne utdanninga?

- Me fekk ei god innføring i kyrkjemusikken si rolle og historie, i diverse pågåande debatter om musikken i kyrkja, og innføring i musikken i kyrkja i dag. Utdanninga i Tromsø har elles eit spesielt fokus på det samiske og kvenske.

- Eg har særleg sett pris på timane i orgel-improvisasjon med Bjørn Andor Drage. Improvisasjon er og noko ein må øve på og førebu. Har du en ide for improvisasjonen så spel han i alle 12 toneartane – då set han seg.

- Utdanninga mi er som organist og komponist, og piano er mitt bi-instrument. Dei som er spesialiserte pianistar spelar sjølvstøtt piano på eit helt anna nivå. Å spele musikk har eg lika sidan barndomen, og det var

grunnen til at eg gjekk vidare med musikk som yrke og fag.

Og kva musikk likar du å lytte til sjølv?

- Eg er allsidig og lyttar til ulike typar musikk, gamal og ny – og i ulike sjangrar. Men eg lyttar lite til danseband og country. Men det utelukkar ikkje at eg spelar alle slags melodiar når dei er ynskt i en seremoni som gravferd eller vigsel.

I Den norske kyrkja er det vanleg at kantorane vert vigsla til den tenesta, og ei eventuell vigsling er noko Ruben tek stilling til seinare.

Meir om Ruben:

✓ Ruben har ei eiga heimeside: www.rubensverregjertsen.com
✓ I Kyrkjebladet nr. 4/18 kan du og lese eit intervju med Ruben.

Bladet finn du på kyrkja i Vaksdal si heimeside (Sjå side 2).

Text/Intervju:
Frode Kvamsøe

Eit gamalt kyrkjebesøk med hyggelege konsekvensar

Ein sein laurdagskveld for heile 52 år sidan, i august 1972, steig ein fransk interrail-ungdom av på Dale stasjon.

Han fortel at det var ein rein impuls. Han ville oppleva noko heilt uvisst og ukjent i Norge. På toppen av ryggsekken var både sovepose og liggeunderlag. Om natta sov han på ein benk ved stasjonsbygningen.

Sundagsmorgonen prøvde han å koma i kontakt med folk, men ingen kunne korkje fransk eller engelsk. Då høyrde han kyrkjeklokka ringja. Der må det vel vera ein prest som kan litt engelsk, tenkte Pascal. Han sette seg på kyrkjetrappa for å få kontakt med presten etter gudstenesta, men det vart berre nokre få ord, for presten skulle rett vidare til ei anna gudstjeneste.

Far, Bjarne Thaule, var den tida klokkar og syns litt synd på denne flotte ungdomen. Han har fortald: «Eg tenkte: Tenk om det var ein av mine to gutar som var på reise ute i verda? Vile det ikkje då vore fint om nokon tok seg av dei?»

Som tenkt, så gjort. Pascal vart invitert til middag. Nabo John Birkeland var også invitert som tolk, for korkje mor eller far kunne nokon framandspråk. Det vart både kaffe, kveldsmat, overnatting og opphald ei heil veke!! John Birkeland hadde bil og stod for turar rundt i kommunen og til hytta på Stanghelle.

Eit vennskap vart knytt og i mange år gjekk korrespondanse mellom mor, far og Pascal via meg som hjalp til med oversettingar.

Det gjekk 14 år. Pascal var



GJENSKAPING: Pascal Defrasne og John Ove Thaule rekonstruerte kyrkjetrappmøtet med Bjarne Thaule i 1972.

Foto: Josiane B. Perroncel

gift og hadde sonen Vincent på 8 år. Han ville gjerne tilbake til Norge og visa dei venene sine frå 1972, men akkurat den sumaren hadde far tatt ein rygg-operasjon og kunne ikkje vera vertskap på nytt.

Eg hadde jo vore bindeleddet i alle desse åra. Difor foreslo eg at dei kunne koma til oss som då budde i Romsdalen. På heimtur kunne dei så køyra innom Dale og helsa på mor og far.

Slik vart det. Eit gledeleg gjen-syn, ny vitjing i Dalekyrkja og for oss vart besøksveka i Måndalen eit fint vennskap som resulterte i Frankrike-besøk året etter.

I dei neste 37 åra har kontakten vore gjennom julebrev. Pascals kone, Annie, døde av kreft for 8 år sidan. For eitt år sidan har han funne seg ei ny veninne. Denne sumaren ville han visa Josiane Norge, gjesta oss på Vossestrand og besøkja Dale igjen.

Det vart eit møte med gode, varme minner knytta til Dalekyrkja. Ottar Dalseid tok vel i mot oss og viste oss rundt. Eitt av bileta som vart tatt, var gjenskapinga av møtet i 1972, men no med meg som neste generasjon.

Denne gongen med ei fin stadfestinga av at eit kyrkjebesøk og ei 52 år gamal kristen neste-kjærleikshandling med ein middagsinvitasjon verkeleg kan få store, langvarige og gledelege konsekvensar!

Tekst:
John Ove Thaule



Til inntekt for

barneskulen Kely Mandresy på Madagaskar:

Konsert i Nesheim kyrkje fredag 9. november kl. 19.30

Medverkande: Trine Duesund og Eirik Straume Normann, Idun Fjeld, Hanna Gullbrå, Svein Tollefsen og born i dalen.

Etter konserten: Høve til å kjøpe moltesylte frå Gullbrå og bestille vanilje frå Madagaskar til inntekt for skulen.

Billettsal ved inngangen. Vipps og kontant.
Kr 250 vaksne, kr 50 for born under 16 år.

Konserten vil bli streama av Nese Media.

Arr: Stiftinga Kely Mandresy i samarbeid med Nesheim sokneråd

MANGE KONSERTAR I KYRKJENE VÅRE I HAUST

Laurdag 21. september 19.00 Dale kyrkje
Tabula Rasa. Sjå eiga annonse.

Laurdag 5. oktober 16.00 Dale kyrkje
Orgelkonsert m/Ruben Gjertsen

Laurdag 26. oktober 16.00 Eksingedalen kyrkje
Orgelkonsert m/Ruben

Tysdag 29. oktober kl. 19.30 i Dale kyrkje
Lina Sandell i ord og tonar.
Sjå eiga annonse og omtale.

Laurdag 2. november 16.00 Dale kyrkje
Orgelkonsert m/Ruben Gjertsen

Fredag 8. november 19.30 Nesheim kyrkje
Kely Mandresy-konsert. Sjå eiga annonse.

Fredag 15. november 19.00 Vaksdal kyrkje
Haustkonsert med Vaksdal Musikklag Haustkonsert med
Vaksdal Musikklag og Ytre Arna Vokal.

Søndag 24. november 17.00 Bergsdalen kyrkje
Julekonsert med Elisabeth Lid Trøen og Sondre Pettersen.



Måndagskaffi
i
konfirmantrummet
i Vaksdal kyrkje

Kvar måndag
er kaffien klar
kl 12.00
Vel møtt!

Vaksdal sokneråd

**OPEN
KYRKJE
PÅ DALE**



**LAURDAGAR
KL. 12 - 14**

Kaffi/te/vatn står framme
samen med noko
enkelt å bita i
Kl. 12.00 Kort omvisning
Kl. 12.30 Musikkstund
Dale kyrkje vert open
kvar 3. laurdag i månaden.
Datoane i haust er
21. sept., 21. okt., 16. nov.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook! 

«Superonsdag» på Dale

I haust heldt me fram med «superonsdagar» vKonfirmantåret er i gong! lallereie, og fleire var innom Dale bedehus på dei ulike samlingane; Baby- og småbornssong (0-2 år), Etter skuletid (5.-7. trinn), Knøttesong (1-5 år) og Onsdagsklubb (1.-4. trinn). Nokre samlingar er det få på, då vert me betre kjende me som er der, og nokre samlingar er det mange på, og fullt av born å leika med, og vaksne å prata med. Like kjekt begge delar!

SUPERONSDAG: Baby- og småbornssong.

KVA SKJER PÅ VEGGEN VIDARE?

Onsdagar frå 12. september

0-2 år

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust er det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på onsdagar kl. 11.30-13.30. Me starta opp onsdag 28. august i Dale bedehus fyrst, og held fram med samling i Vaksdal kyrkje onsdagen etterpå. Slik vil det rullera ut november, med unntak av pause i haustferieveka. Sjølve songstunda byrjar ca kl. 12.00, og før og etter er det prat, mat og leik. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane.



Onsdagar frå 12. september

1-5 år

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Knøttesong for born 1-5 år vert òg annakvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), klokka 17-18. Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds ilag! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.



Onsdagar frå 12. september

5.-7. trinn

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Etter skuletid er noko heilt nytt som me prøver ut i haust! Det er samlingar rett etter at skulen er ferdig, 14-15, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar viss dei vil. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker).

Onsdagar frå 12. september

1.-4. trinn

Barnekor på Dale og Vaksdal

Me byrjar med barnekor på Dale og Vaksdal, onsdagar klokka 15-16. Sjå eige oppslag!

Torsdagar frå 5. september

4+

Barnekor på Stamnes

Det er òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i Stamnes bedehus torsdagar kl 17.00-18.00, og starta opp 5.september. På koret lærer me nye songar, og har fleire songar me syng kvar gong, me får vera med på ein andakt, og leikar til slutt, før det er kvart sitt glas med saft! Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.



Ein torsdag i månaden frå 5. september

0-4 år

Baby- og småbornssong på Stamnes

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-4 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10.00 og 12.00 ein torsdag i månaden, desse datoane: 5.september, 3. oktober, 14.november og 5. desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta gjerne med niste 😊

Ein tysdag i månaden frå 10. september

Generasjonssong på Vaksdal og Dale

I samarbeid med Vaksdal frivilligsentral arrangerer me Generasjonssong på sjukeheimane på Dale og Vaksdal ein tysdag i månaden. Her inviterer me dei yngste (ca 0-2 år) og eldste i kommunen til å koma saman til ei sanserik samling med tradisjonelle og nyare songar. Neste dato er 10. september kl 11.00-12.00 på Vaksdal, der me òg har samling 5. november. På Dale har me allereie vore ein gong, og kjem tilbake 8. oktober og 3. desember kl 11.00-12.00 der òg. Samlingane er ofte i same etasje som hovudinngongen begge stadar. Frivilligsentralen er med med lett servering (vaflar eller liknande).

10. november

10 år

Utdeling av bok og samling på Vaksdal og Stamnes

Tiåringane på Vaksdal og Stamnes skal som vanleg få Nytestamentet i haust. På Vaksdal skjer det i gudstenesta den 10. november klokka 11.

På Stamnes skjer det i gudstenesta den 10. november klokka 16.

På Dale vert Nytestamentet delt ut etter jul.



10. og 17. november

4 år

Utdeling av bok og samling på Vaksdal, Stamnes og Dale

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei samling der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Vaksdal 10. november kl. 11, Stamnes 10. november kl. 16, Dale 17. november kl. 11.00.





Til deg som går i 1.-4. trinn **VELKOMEN til barnekor!**

Onsdagar klokka 15-16 i Dale bedehus: 28.aug, 11.sep, 25.sep, 23.okt, 6.nov, 20.nov
i Vaksdal kyrkje: 4.sep, 18.sep, 2.okt, 16.okt, 30.okt, 13.nov, 27.nov

Torsdagar klokka 17-18 i Stamnes bedehus: Frå 5. sep og kvar torsdag ut nov. utanom ferien

Barnekor er songglede, rytmar, gode ord og vakre tonar. Me varmar opp stemmene, lærer nye songar, syng kjende songar, lyttar eller leikar oss gjennom ei forteljing frå bibelen, og leikar etterpå. Kora kjem også til åsyngja på nokre gudstenester tilpassa born.

Arrangør: Kyrkjene i Vaksdal, ved kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann, som leier kora, og organist Ruben Gjertsen som spelar til.



KONFIRMANTAR: Konfirmantane på Vaksdal vart presenterte for kyrkjelyden 1. september. Foto: Brith Kydland

Konfirmantåret er i gong!

Endeleg er konfirmantåret i gong, for dei som skal konfirmere seg i mai neste år. Me har starta med presentasjon av konfirmantane på gudstenester på Dale og Vaksdal. Stamnes har ingen konfirmantar i år. Det neste på programmet er ein innhaldsrik konfirmantleir på Fagertun ei helg mot slutten av september. Deretter byrjar me med smågrupper rett etter skuletid. Dei som ynskjer får eit måltid fyrst, og så reflekterer me rundt tru og tvil og ulike tema. I november vert det nattcup i Vestlandshallen, der lag frå kommunen har vunne fleire gongar før. Er det mogleg i år òg? Det blir spennande!

PSSST!

Ny prest i Vaksdal?

Det var to søkjarar til stillinga som prest i Vaksdal etter Edvard Bø. Ein av dei var til intervju, og tilsetjinga skjer etter planen 11. september.

Basar på Stamnes

Den årlege basaren som soknerådet har saman med barnekoret vert torsdag 20. februar neste år. Set av datoen!

Kristin med ny bok

Trusopplærar Kristin kom i vår med si fjerde diktbok; Lat me halde sorga di. Dette er ei bok som «handlar mest av alt om tap, sorg og håp.»

Nye leiarar i Fellesrådet

Det er valt nye leiarar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd. Leiar er no Elisabeth Verpelstad, og nestleiar er Heidi Rongved. Lars Patterson har gått ut av fellesrådet og Eksingedalen sokneråd.

Ny praksis-student i haust


Student Daniel Engvik er i praksis hos oss i september, og skal primært fylgje Edvard Bø i hans arbeid. Student Thor Olav Gullbrå har sine to siste praksis-veker i midten av september.

BIBEL 2024

Det norske Bibelselskapet har dette året kome med ei ny bibelutgåve, Bibelen 2024. Den har dei arbeidd med sidan 2019. Den byggjer samstundes på bibelutgåva frå 2011.

Kvifor ein ny bibelutgåve?

Grunntekstane til bibelen er sjølvsagt dei same. Bibelselskapet kjem med nye utgåver på nynorsk, bokmål og samisk grunna at det stadig skjer eit fagleg arbeid blant forskarane, samt at det skjer ei utvikling i det norske språket. Bibelen er i original skrive på språka hebraisk når det gjeld det gamle testamentet og gresk når det gjeld det nye testamentet. Nokre få tekstar i det gamle testamentet er skrive på arameisk. Men dette er samstundes ei sanning med nokre interessante modifikasjonar. Dei eldste hebraiske manuskripta har til nyare tid vore omlag 1000 år gamle. Men den første greske omsetjinga av GT har ein hatt i mykje eldre handskrifter som er tettare på 2000 år gamle.



Nye tilgjengelege skrifter

Forskarane som driv med bibelstudium har sidan det vart funnet krukker med manuskripter i Qumran ved Dødehavet like etter 2. verdskrigen, fått hebraiske manuskripter som går tilbake til før år 70 e.Kr. Men mange av dei vart samla i brudstykker og i dårleg forfatning. Det er ei særskilt brokete historie dei siste 70 åra for å få til pulespelet om handskriftane. Slikt nitid arbeid tek tid, og mange manuskript er ikkje blitt frigjevne og tilgjengeleg for forskarane før i nyare tid. Sjølv om det er kort tid mellom 2011 og 2024, så kan mykje likevel skje der ein får ei djupare forståing. Ikkje minst ser ein òg at i stor

grad er den gamle greske omsetjinga god og tett på dei nye hebraiske tekstane som er vorte tilgjengelege. Slik vil omsetjarane kunne gjere vurderingar tettare på den originale teksten.

Tekstkritikk

Dei ulike tekstfragmenta har alltid små ulikskaper som gjer det naudsynt med fagleg tekstkritikk. Før trykkekunsten kom med Gutenberg på 1400-talet, var det avskrift der skrivarane lydte til ein opplesar. Difor kunne det henda menneskelege feil når det vart skrive ned, repetisjonar av ord og vendingar, eller misoppfattingar. Forskarane har ulike prinsipp å gå etter for å vurdere kva den mest

oppriinlege teksten må vere. Her kan dei òg vere usamde i kva dei legg vekt på. Det er samstundes ulike skoler i om teksten skal vere mest mogeleg ord for ord- omsetjing, eller tettare på flytande moderne daglegtale i det norske språket anno 2024. Kven som er dei gjeldande omsetjarane nytta av bibelselskapet kan slik ha påverknad på resultatet. Det har òg vorte nytta litteraturekspertar. For lesaren vil det såleis ofte vere interessant å kunne samanlikne ulike bibelutgåver.

Bodskapen er den same

Eg vil samstundes forsikra om at dei ulikskapane som ein vil finna, ikkje endrar hovudbodskapen om frelsa i Jesus Kristus. Gud talar til oss menneske gjennom sitt ord som er formidla i bibelens skrifter. Han har og lova at Den heilage Ande er med og openberror Ordet for oss som er inn i vår tid og vår tids utfordringar. Men, det har alltid vore slik at bodskapen kjem via menneske som er sprukne kar, og som gjer so godt dei kan utfrå eit grundig arbeid med det Levande Ordet.

Sokneprest Edvard Bø

BIBELTIMAR PÅ VAKSDAL

Sokneprest Edvard Bø vil halde to bibeltimar i haust, i konfirmantrommet i Vaksdal kyrkje:

tysdag 24. september kl. 19-21


tysdag 26. november kl. 19-21

Det vert dei to siste bibeltimane Edvard Bø held som sokneprest i Vaksdal.

Tema for dei to bibeltimane er om Kristus som konge. Den første går tilbake til Det gamle testamentet og fram til julebodskapen om at Jesus var av Davids hus og ætt. Den andre samlinga vil vere i veka før siste søndag i kyrkjeåret. Den dagen kallast òg Kristi kongedag og handlar om når Kristus kjem att til

dom og frelse som konge i herlegdom. Den bibeltimen får tittelen: Atter ein konge, ein tittel som mange òg kjenner frå siste boka og filmen i JRR Tolkienes trilogi «Ringenes Herre.»

Katolikken Tolkien var ein engelsk professor i Oxford som lagde sitt eige univers i romanane sine, men som klårt har bibelske parallellar. Bø vil her trekke nokre linjer mellom det bibelske og det litterære utfrå eit litterært verk som har fasinert han heilt frå han var ung.



KONKURRANSE!



Denne sumaren har kyrkjekontoret fått ein ny medarbeidar på Eidsland gravplass. Denne jobbar måndag til laurdag 06.00 - 22.00. Vedkomande har nekta å ta imot løn, og vil berre ha eit lite skur og kvila i nokre timar om natta. Det er sjølvstøtt den nye robotgrasklipparen det er snakk om her, og me på kyrkjekontoret lurte på om du ville være med å gi han/ho namn.

Forslag kan de sende på e-post til kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Vinnar av konkuransen vil bli presentert i neste kyrkjeblad, det vil også vanka ein liten premie!



Salmekveld i Dale kyrkje 29 oktober kl. 19.30

Lina Sandell i ord og tonar

Med prestevikar Bengt Arvidsson og organistane Ellen Marie Selland Geitung og Frode R. Vik.

DET SKJER I BEDEHUSA



VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00
15. september, 29. september,
27. oktober, 17. november

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30 same dag som storsamlinga.

Formiddagstreff torsdag kl. 11.30, med andakt, song og musikk, matpause m.m.

19. september.

24. oktober. Gjestar: Gro og Audun Myksvoll.

21. november. Gjest: Reidun Skurtveit.

Bønemøte kvar måndag kl 19.00

Bibelgruppe annan kvar torsdag kl 19.30

Facebook: Vaksdal Indremisjon

DALE BEDEHUS

Onsdag 18. september kl. 19.00: Møte v/ Lys over Land.
Tale v/ Per Augustad

Onsdag 2. oktober kl. 19.00: Møte v/ Odd Sverre Hove

Laurdag 26. oktober kl. 16.00: BASAR

SØNDAG FOR DEI FORFYLGDE



Det vert felles markering av Søndag for dei forfylgde i **Vaksdal bedehus søndag 10. november kl. 19.00.**

Arr: Indremisjonane og kyrkjelydane i Vaksdal

KONFIRMANTJUBILEUM

Stamnes

Har ikkje konfirmantjubilium i år.

Dale kyrkje

Søndag 6. oktober kl. 11.00 for årets 50- og 60-årskonfirmantar.

Vaksdal kyrkje

Søndag 13. oktober kl. 11.00 for årets 50- og 60-årskonfirmantar.

Ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

Tlf 95 97 17 00



eviny



DALETEC

**Sæterdal
Elektro**

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**
Sjå *Idéhus.no*

IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**Vangen
Elektriske**

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

TO MINNEGUDSTENESTER I ÅR ÒG

Det vert to minnegudstenester for dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal.

Helgemessesøndag, 3. november, kl. 16.00 i Dale kyrkje:

Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Bergsdalen, Dale og Vaksdal sokn det siste året.

Nyårsaftan 31. desember kl. 15.00 i Stamnes kyrkje:

Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Eksingedalen, Nesheim og Stamnes sokn det siste året.

Det kjem brev med innbyding til desse gudstenestene.

Den som formelt står ansvarleg for gravferda/bisetjinga får brevet, og deler informasjonen med dei andre.

I desse gudstenestene les ein namna til dei som er gravlagde/bisette det siste året samt tenner eit lys for dei.

Minnegudstenestene er òg opne for alle som elles vil koma.

Kyrkjetenar i Eidsland kapell

Hei! Treng du ein liten ekstrajobb, då er du kanskje den nye kyrkjetenaren på Eidsland?

Stillinga som kyrkjetenar omfattar teneste ved kyrkjelege handlingar som gudsteneste, dåp og gravferd. Eidsland kapell har ca 8 gudstenester i året. Arbeid i helg og helgedagar lyt påreknast.

Stillinga vert avlønna på timar etter avtaleverk i kyrkjeleg sektor.

Kyrkjetenaren er ofte den fyrste som kjem til kyrkja og den siste som går.

Full opplæring til stillinga vil bli gjeven. Søkar må vera fylt 16 år og vera medlem av Den norske kyrkja.

Om du har spørsmål, kontakt kyrkjevevja Bjart-Magnus Rosvold på telefon 97 69 75 62, eller e-post br233@kyrkja.no

Søknadsfrist 22. september

LIVETS GANG



DØYPTE

Vaksdal

14.07 Sigrid Røen Gundersen

Dale

28.01 Olav Mongstad (døyppt på Voss)



VIGDE

Bergsdalen

15.06 Irmelin Blindheim Olsen og Leif Karlsen

Dale

22.06 Maria De Los Angeles Carpintero Olivieri og Thomas Skurtveit

24.08 Maria Skomsøy og Arnt Olaf Terjesen

Vaksdal

22.06 Camilla Therese Hansen og Daniel Søgnesand



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

10.06 Marit Elin Berg 1959

03.07 Ragnar Takvam 1924

10.08 Selma Bertina Nielsen 1929

12.08 Klara Therese Hatlestad 1931

Eidsland

08.06 Maria Møster 1935

11.08 Anna Ekse 1932

Vaksdal

06.07 Grete Knutsen 1927

10.07 Ottar Magne Tefre 1943



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL

ALLTID HER FOR





Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam




BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ

- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70

WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 15. september – 17. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

EIDSLAND KAPELL kl. 17.00.

Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 22. september – 18. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00

Ung Messe med konfirmantane som har vore på leir. Nattverd.

Søndag 29. september – 19. søndag i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00.

Vegen-gudsteneste. Normann og Bø. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 6. oktober – 20. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste med konfirmantjubilium. Kvamsøe. Dåp.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 13. oktober – 21. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste med konfirmantjubilium. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 20. oktober - 22. søndag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Søndag 27. oktober – Bots- og bøneda

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.

Vegen-gudsteneste med Hausttakkefest. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00.

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi

Søndag 3. november – Helgemessesøndag

DALE KYRKJE kl. 16.00.

Minnegudsteneste / Minnekonsert. Kvamsøe.

Bergsdalen, Vaksdal og Dale sokn. Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

Søndag 10. november – 25. søndag i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00.

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.

Vegen-gudsteneste. Normann og Bø. Utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi. Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00.

Vegen-gudsteneste. Normann og Bø. Utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til 10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi. Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

Søndag 17. november – 26. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00.

Vegen-gudsteneste. Normann og Kvamsøe. Utdeling av bok til 4-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00


Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi

Søndag 24. november – Domssøndag/Kristi kongedag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.kyrkja.no/vaksdal for eventuelle endringar.

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døpe barnet - eller bli døpt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding direkte.